



Uskedal musikklag på 1950-talet(Fotoeigar: Lars Wang)

I samband med at Uskedal musikklag rundar 80 år den 1.mars 2016 skal det lagast ein biletkavalkade. Laget håpar at mange vil bidra med bilete frå korpset si historie slik at kavalkaden dekkar saga til laget på ein god måte. Vi er interessert i bilete frå heile tidsbolken som laget har vore i aktivitet; - både gamle og nyare bilete.

Det er Ståle Eik som skal ha ansvar for å laga biletkavalkaden. Derfor oppfordrar vi alle som har bilete av korpset, om å ta kontakt med han.(mobil 975 02 565). Dersom bileta er digitalisert, kan dei sendast på epost til staaleeik@knett.no.

Laget vert svært glad og takksame dersom mange bidrar slik at det vert eit fyldig og godt biletmateriale.



Pust i bakken etter speling ved opning av fylling til Flatholmen i 1988.(Foto: Brita Fedt Sunde)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland